

Generell informasjon om rutine ved påvist smitte på skulen, med konsekvensar for nærkontaktar

Les eigen informasjon om kva som skjer dersom nokon får ein positiv hurtigtest i dokumentet om hurtigtesting. Det som er skildra her, er det som skjer dersom nokon får stadfesta smitte i en PCR-test tatt hos helsevesenet.

Når skulen får melding frå smittesporingsteamet om at grupper/tilsette er definert som nærkontaktar, blir vi bedt om å varsle elevar og tilsette som dette gjeld, med ein sms med informasjon. I denne smsen formidlar vi informasjon etter ein mal frå smittesporingsteamet. Etter at vi har varsla elevar og tilsette, og smittesporingsteamet har fått namnelister frå skolen, så overtar dei vidare oppfølging. Tida det tar før dei tar kontakt kan variere ut i frå kor stor kapasitet dei har. Det er difor viktig at dei som får ein slik sms tar den alvorleg, og gjer det som står der, fram til dei blir kontakta.

Ved melding om karantene skal elevar/tilsette avslutte det dei held på med, ta på munnbind, og reise rett heim. Unngå kollektivtransport dersom det er mogleg. Dersom ein ikkje kan unngå det, bruk munnbind og hald god avstand.

Dersom du ikkje har fått sms/melding om karantene skal du i utgangspunktet ikkje i karantene. Er du usikker, kontakt koronatelefonen; 56 15 57 57.

Dersom elev/tilsett får påvist smitte, utan at det får konsekvensar for andre på skulen, så vil skulen heller ikkje bli informert om dette. Det er den enkelte som sjølv avgjer om dei vil informere skulen om årsak til fråvær, men vi oppmodar om å informere oss, slik at vi kan ha oversikt over situasjonen. Vi legg vekt på personvern i handtering av slik informasjon.

På grunnlag av erfaringar har vi stramma inn reglane på skulen, for å redusere risiko for smitte til eit minimum;

- Besøkande på skulen skal bruke munnbind. Dette kjem tillegg til avstandskrav!
(dette blir informert om med oppslag)
- Ved aktivitet i fellesareal eller besøk i grupper som vi vanlegvis ikkje er i, bør også vi som arbeidar på skulen bruke munnbind
 - Elevar blir sterkt oppmoda om å halde avstand i alle situasjonar, spesielt utanfor klasserommet, og om å bruke munnbind i fellesområde
- Vi må alle gjere vårt for å halde smittenivået nede, og for å unngå at mange må i karantene; Reduser, og hald oversikt over dine nærkontaktar!
 - Elevane blir framleis bedt om å halde seg i dei gruppene dei har undervisning i, og unngå nærkontakt med elevar frå andre grupper
- Regelen om å halde deg heime dersom du har symptom, er framleis heilt grunnleggjande
- Ha låg terskel for å teste deg, installer smittesporingsappen og ta telefonen når ukjent nummer ringer
- Dersom det er mogleg å gjennomføre møter digitalt, skal vi prioritere det

Vi vonar denne orienteringa er til hjelp, og at vi gjennom dei erfaringane vi har gjort oss, er best mogleg rusta til å førebyggje, og handtere nye tilfelle når, og dersom dei kjem.

Vi oppmodar alle elevar og tilsette til å delta i hurtigtest-prosjektet, men understrekar at dette kjem i tillegg til det vi allereie gjer; å halde seg heime når du er sjuk, ha god handhygiene, halde avstand og redusere talet på nærkontaktar.

Vi vonar alle at vi unngår smitteutbrot på skulen, og at vi snart kan ha ein meir normal skulekvardag.

Rektor
Oddvar Skråmestø

Ass. rektor
Berit Karin Ø. Nilssen